



Saksmappenr: 2022/100-13  
Arkiv: L32  
Sakshandsamar: Gudrun Sagneskar

## Saksframlegg

### Valle kommune

Saksnummer	Utval	Møtedato
40/24	Levekårutvalet	11.06.2024

### Ny vegadresse - Langfitvegen

#### Kommunedirektøren tilrår:

Levekårutvalet i Valle vedtek at det vert oppretta ny vegadresse/vegnamn med heimel i lov om stadnamn § 7 og parsellinndeling som føreslege i saksframlegget.

For adresseparsell veg 1102, vedtek ein adressenamnet: Langfitvegen

#### Handsaming i Levekårutvalet av sak 40/2024 den 11.06.2024:

##### Handsaming:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

##### Vedtak:

Levekårutvalet i Valle vedtek at det vert oppretta ny vegadresse/vegnamn med heimel i lov om stadnamn § 7 og parsellinndeling som føreslege i saksframlegget.

For adresseparsell veg 1102, vedtek ein adressenamnet: Langfitvegen

### Saksutgreiing:

#### Samandrag/ konklusjon

Brokke hyttepark har ein vegparsell i planområdet der hytter ikkje har fått tildelt adressenummer. I samband med adresseringsprosjektet låg vegen inne i adresseparsellen Furestøylvegen. Planendring i 2019 medførte fleire hytter/einingar tilhøyrande Furestøylvegen og i staden for å omadressere eksisterande adresser er det fornuftig å opprette ei ny vegadresse der 21 hytter får tildelt adresse frå Langfitvegen.

#### Bakgrunn for saka

Med heimel i matrikkellova og lov om stadnamn må kommunen opprette vegadresse/vegnamn der desse manglar.



Målet med arbeidet er å fastsetje vegnamn og så tildele adressenummer i området der det i dag er tildelt matrikkeladresser (gnr/bnr).

Som grunnlag for prosessen lagar administrasjonen forslag til adresseparsellar og vegnamn.

### Formelt grunnlag

Lov om stadnamn (Stadnamnlova) §5

Lov om eigedomsregistrering (Matrikkellova) §21

Forskrift om eigedomsregistrering (Matrikkelforskrifta) §§50-51

### Vurderingar og konsekvensar

Kommunen har heimel til å vedta adressenamn som fylgje av lov om stadnamn §7.

Oppvekst- og kulturutvalet vedtok 08.04.2013, sak 20/13 fylgjande prinsipp for adressenamn i Valle kommune.

1. Det skal nyttast eksisterande område/grendenamn i vegnamna eller ev. historiske namn.  
*Eks. Vatnedalsvegen*
2. Det skal ikkje nyttast personnamn i vegnamna

*Oppvekst- og kulturutvalet vedtek vegnamn etter tilråding frå prosjektgruppa for kvar adresseparsell.*

Oppvekst- og kulturutvalet er i dag Levekårutvalet.

Val av adressenamn i Valle kommune er delegert til levekårutvalet. Etter stadnamnlova er det berre skrivemåten av adressenamn som kan klagast på og ikkje sjølve namnevalet.

Med bakgrunn i prinsippvedtaket utarbeidar administrasjonen framlegg til fylgjande vegnamn:

### Langfitvegen:

Langfit ligg i området der Langfitvegen ligg og er derfor eit naturleg vegnamn.



I 2020 vart det reist namnesak på skrivemåten og Kartverket vedtok i sak 06/04993, den 19.04.2021 at Langfit og namneleddet fit var rett skrivemåte.

Deler av Brokke hyttepark er tildelt vegadresse frå Furestølvegen utifrå reguleringsplan som gjaldt i 2010. Det vart sett av adresser til resterande hytter i dåverande reguleringsplan. I 2019 vart det vedtatt ei reguleringsendring og det førte til fleire einingar i planområdet enn det var avsett adresser til.



Det går ein vegparsell inn i feltet frå Furestøylvegen som er naturleg at får nytt vegnamn, slik at ein slepp å omadressere heile Furestøylvegen.

### Adresseparsell og vegnamn

Adresseparsellnr.	Namneforslag	Språkrådet si tilråding	Framlegg til namnevedtak
Veg 1102	Langfitvegen	Langfitvegen	<b>Langfitvegen</b>

Namneforslaget vart sendt på lokal høyring der innbyggjarane kunne kome med innspel til vegnamnet, samt ressursgruppa og Brokke hyttepark as

Innspela som kom inn gjekk ikkje på vegnamnet, men korleis ein skulle skrive namnet.

### Vurdering av innkomne høyringsuttaler:

Nedanfor fylgjer ei vurdering av merknadar som er innkomne i høyringsperioden

<b>Avsendar</b>	Valle mållag
<b>Gjeld</b>	Veg 1102, Langfitvegen
<b>Høyringsuttale</b>	Lokalkjende i Ordinnsamlingsgruppa i Valle mållag meiner den vanlege uttalen er «Lanfit» og «Lanfitbrøt», derav at det bør vere <b>Lanfitvegen</b> (altså ikkje Langfitvegen eller Landfitvegen). Dette finn også støtte, ser det ut til, i «Gammel norsk Homiliebog» («samling prekener på norrønt, bevart i et håndskrift frå ca. 1200»).
<b>Kommentar</b>	Korleis Langfit skal skrivast er avklart i namnesaka. Skrivemåten er vedteke av Kartverket. Namneforslag/skriveform er i samsvar med Språkrådet si tilråding.

<b>Avsendar</b>	Knut T. Brokke
<b>Gjeld</b>	Veg 1102, Langfitvegen
<b>Høyringsuttale</b>	Når det gjeld parsellnr. 1102 Langfitvegen Furestøyl så er Langfit feil. Namnet er NANDFIT. Dette er eit namn som alltid har blitt brukt av folk i Garane.
<b>Kommentar</b>	Korleis Langfit skal skrivast er avklart i namnesaka. Skrivemåten er vedteke av Kartverket. Namneforslag/skriveform er i samsvar med Språkrådet si tilråding.

Valle, den 16.05.2024

Vidar Homme  
kommunedirektør

Vedlegg:

- 1 Valle kommune – Langfitvegen – tilråding.pdf
- 2 Parsellkart\_Langfitvegen



Valle kommune

**Andre dokument i saka:**